



NVE

Energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Vår dato: 05.11.2025

Vår ref.: 202305929-381 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

## Oversender klager på vedtak om konsesjon for Gulavind vindkraftverk

**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) gav 3. juli 2025 konsesjon til Georgine Wind AS (GWAS) for Gulavind vindkraftverk i Gulen kommune. NVE har mottatt ti klager på vedtaket.**

**Klagene er gitt innan klagefristen og oppfyller vilkår for klagerett i forvaltningsloven kapittel VI. NVE har forberedt klagene i tråd med forvaltningslova § 33.**

**Vi kan ikke sjå at klagene gir grunnlag for å endre eller oppheve vårt vedtak av 3. juli 2025. Klagene vert derfor oversendt til Energidepartementet for endeleg avgjerd.**

### Bakgrunn

NVE gav 3. juli 2025 konsesjon etter energiloven § 3-1 til GWAS for å bygga, eiga og driva Gulavind vindkraftverk.<sup>1</sup> Vindkraftverket ligg i Sløvåg industriområde i Gulen kommune. Det er gitt konsesjon for ein samla installert effekt på inntil 18 MW med ein forventa årsproduksjon på 55 GWh. Konsesjonen omfattar også ein jordkabel mellom vindturbinen og ein ny transformatorstasjon i industriområdet.

På grunn av inkuriar i oversending av vedtaket og i anleggskonsesjonen vart det laga ein ny anleggskonsesjon som vart sendt med forlenga klagefrist. Anleggskonsesjonen av 3. juli 2025 er dermed erstatta av ein oppdatert anleggskonsesjon av 7. juli 2025.<sup>2</sup>

Klagefristen på vedtaket var 25. august 2025. Gulen kommunen fekk forlenga klagefrist til 29. august 2025.

### Klager

NVE har mottatt 10 klager på vedtaket frå følgjande partar:

- Gulen kommune
- Norges Miljøvernforbund

---

<sup>1</sup> NVE ref.: 202305929-324

<sup>2</sup> NVE ref.: 202305929-327

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

[www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

- Motvind Norge
- Ron Overdevest
- Jostein Eide
- Nei til vindkraft i Gulen og Motvind Vest
- Bent Unneland
- Snorre Bang Utaker og Arild Utaker
- Puma Energy Norway AS
- Ole Omland og Ingrid Holck Simonsen

NVE vurderer at alle klagarane har rettsleg klageinteresse og fremma innan klagefristen.

Klagene er i samsvar med forvaltningslova § 33 sendt til GWAS for uttale i e-post av 28. august 2025. GWAS kommenterte klagene i e-post av 12. september 2025.

Klagene og GWAS sine kommentarar er samanfatta tematisk under. I tillegg viser vi til våre vurderingar i grunngjeving for vedtak av 3. juli. 2025.<sup>3</sup>

## **Støy**

Fleire klagarar, inkludert Gulen kommune, klagar på at NVE ikkje tok omsyn til Gulen kommune sitt vilkår om ei maksimal støygrense om natta på 37 dBA for støyfølsame bygg. Fleire klagar på at NVE berre har vist til eit prinsipp om lik handsaming for alle vindkraftverk når NVE ikkje sette krav om maksimal støygrense om natta. Klagarane skriv at eit prinsipp om lik handsaming ikkje er relevant for Gulavind vindkraftverk, fordi tiltaket består av ein stor testturbin med ukjente parameterar som er forskjellig frå andre vindkraftverk i Noreg.

Snorre Bank Utaker og Arild Utaker etterlyser kva avbøtande tiltak som kan gjennomførast viss støyen overskrid  $L_{den}$  45 dBA ved støyfølsame bygg. Dei skriv at vindturbinen må demonterast etter testperioden viss støyen overskrid  $L_{den}$  45 dBA.

Ron Overdevest klagar på at det allereie er mykje støy i planområdet og at støybelastninga for barnehagen aust for Gulavind vindkraftverk ikkje har blitt tilstrekkeleg vektlagt.

Motvind Norge klagar på at vindturbinen vil ha så stort vengespenn at turbinvengene vil koma i ugunstige posisjonar og skapa ekstra støy. Dei skriv at kjeldestøyen truleg er høgare enn NVE har lagt til grunn, og at støymålingar som skal gjennomførast for å fastslå kjeldestøyen, fører til at naboar vert forsøkskaninar og kan påførast vesentlege helseskadar. Dei klagar vidare på at NVE har lagt til grunn eit kunnskapsgrunnlag om støy frå vindturbinar frå 2002.

### *GWAS sin kommentar*

GWAS skriv at dei har stadfesta skriftleg til Gulen kommune at kommunen sitt krav om ein maksimal støy om natta,  $L_{pAeq8Hh} = 37$  dB, skal overhaldast i driftsfasen. Dei skriv vidare at avbøtande tiltak, som drift med redusert effekt eller stopp i korte periodar, vil bli gjennomført dersom forutsetningar for støyberekningane vert endra eller målingar syner at grenseverdiar vert

---

<sup>3</sup> NVE ref.: 202305929-324



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

overskridne. Dei skriv at dei ikkje ser nokon motsetning mellom kommunens krav og drifta av vindturbinen.

GWAS skriv vidare at det er grenseverdien for støy som er avgjerande for innbyggjarar i Halsvika, og ikkje kjeldestøyen frå vindturbinen.

### **Folkehelse**

Ole Omland og Ingrid Holck Simonsen klagar på at folkehelsa ikkje er ivaretatt på ein god måte, og at ei etterundersøking av folkehelsa ikkje er tilstrekkeleg. Dei skriv at det trengs ei grundig undersøking av nåsituasjonen, målingar, simulering av støy, skuggekast, iskast og samtalar med alle innanfor to km avstand frå vindturbinen.

Motvind Norge klagar på at NVE ikkje har dokumentert at vindturbinen ikkje fører til store negative verknadar for folkehelsa eller fører til fare for liv, og meiner at dette er brot på folkehelselova. Motvind har lagt ved ei vurdering av Gulavind vindkraftverk og tema som påverkar folkehelsa, som konkluderer med at vindturbinen vil gi store negative verknadar for folkehelsa.

#### *GWAS sin kommentar*

GWAS skriv at det er gjort ei rekke sikkerheits- og risikovurderingar i prosjektet, at NVE har sett krav til konsesjonen og at GWAS har avtale med kommunen om redusert drift om støy om natta. GWAS skriv at dei vil overhalda alle krav frå myndigheiter til HMS, støy og skuggekast, og at dei ikkje kan sjå at prosjektet vil medføre uakseptabel risiko for negative verknadar for folkehelsa til dei som bur eller oppheld seg i området.

### **Reguleringsplan**

Fleire klagar på at det er fatta eit konsesjonsvedtak før plansaka i Gulen kommune, som vart påklaga, er ferdig klagehandsama av Kommunal- og distriktsdepartementet eller Kongen i statsråd. Nei til vindkraft i Gulen og Motvind Vest skriv at kommunens reguleringsvedtak ikkje er gjeldande og at det er feil av NVE å gi konsesjon før dette er endeleg avgjort.

Motvind Norge skriv at konsesjonskartet dekkjer eit større område enn det som er regulert av Gulen kommune, der transformatorstasjonen med høgspenkabel og deler av turbinvingene vil vera på utsida av området avsett i reguleringsplanen.

#### *GWAS sin kommentar*

Planområdet i konsesjonsvedtaket er noko større enn det regulerte området fordi dette tar omsyn til kaia kor turbinkomponentane er tenkt ført i land og transportruta mellom kaia og turbinpunktet. Dette er gjort for å sikra naudsynte rettigheitar knyta til tilkomst til turbinpunktet.

### **Plassering av transformatorstasjon**

Puma Energy Norway AS klagar på plasseringa av transformatorstasjonen til GWAS. Dei skriv at transformatorstasjonen er planlagt plassert tett på deira tankanlegg som lagrar store mengder brannfarlege væsker som bensin og gasskondensat. Dei viser til at det finst andre ledige areal i området lengre unna tankanlegget.

#### *GWAS sin kommentar*

GWAS skriv at plasseringa av transformatorstasjonen er valt for å utnytta at det står ein klippevegg mellom tankanlegget og transformatorstasjonen. Dei skriv vidare at transformatorstasjonen vil



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

utformast for å oppfylle alle industristandardar inkludert eventuell tilleggsbeskyttelse for å forhindra at transformatorasjonen påverkar tankanlegget.

### **Framtidig kai**

Puma Energy Norway AS viser til at det finst planer for ein ny kai, kai 9, mellom kai 8 og 10, som det vart gitt ei rammeløyve til i 2014, men ikkje vart bygd innan byggefristen. Dei skriv at dei har fått munnleg stadfesting frå grunneigar Wergelandgruppen om at ein vindturbin ikkje vil koma i vegen for ein mogleg kai 9.

#### *GWAS sin kommentar*

GWAS viser til brev frå Wergelandgruppen til GWAS om at kai 9 ikkje er bygd og at det ikkje føreligg planar for bygging av kai 9 no.

### **Iskast**

Fleire klagar på at konsekvensar av iskast frå vindturbinen ikkje er tilstrekkeleg vurdert eller vektlagt i konsesjonsvedtaket. Fleire skriv at konsekvensane er større enn dei som er lagt til grunn av GWAS og NVE.

### **Sikkerheit**

Snorre Bank Utaker og Arild Utaker skriv at fleire rotorblad har falt ned frå vindturbinar i Noreg. Vindturbinen er planlagt like ved eit LNF-område som vert brukt som turområde, og det er fritidsbåtar i Fensfjorden. Det skriv at det kan utgjera ein fare.

Ole Omland og Ingrid Holck Simonsen skriv at dei vil vera i fare viss noko losnar frå vindturbinen når dei fiskar, og at det ikkje er tatt omsyn til dette i konsesjonsvedtaket.

Bent Unneland klagar på at det ikkje er laga ein relevant sikkerheitsplan for dei som arbeider i industriområdet i nærleiken av vindturbinen.

Nei til vindkraft i Gulen og Motvind Vest klagar på at risiko for turbin og vengekollaps ikkje er tilstrekkeleg avklart eller tatt omsyn til i konsesjonsvedtaket. Det burde vera krav om stenging av industriområdet ved ekstremvær, kontinuerleg overvaking av vindturbinen og til varsel eller stenging av området ved skader på konstruksjonen.

Jostein Eide skriv at det er vanleg å testa prototypar i ein testperiode, og så ta dei ned, ikkje la dei stå lengre fordi prototypar utgjer ein større risiko. Han skriv vidare at det er vanleg å testa prototypar av andre produkt, som fly og helikopter, på lukka område, ikkje i områder med allmenn ferdsel slik som Sløvåg.

Motvind Norge klagar på at det er stor usikkerheit om kor moden og robust vindturbinen vil vera sidan det er ein testturbin. Dei viser til forskrift om maskinar som pålegg produsentar å gjennomføra risikovurderingar og utarbeida dokumentasjon før maskinar vert tekne i bruk. Dei skriv at vindturbinar må utstyrast med CE-merking og samsvarserklæring før dei vert tekne i bruk, og at dette ikkje er ivaretekt av NVE. Dei meiner dette er ein alvorleg sakshandsamingsfeil. Fleire klagar på at det ikkje er omtalt korleis maskinforskrifta eller maskinforordninga skal ivareta helse og sikkerheit.

Motvind Norge klagar på at konsekvensutgreiinga ikkje inneheld vurdering av risiko og faremoment for tilsette og tredjepartar frå anlegget. Dei klagar på at det er lagt til grunn feil



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

risikovurdering fordi Haliade -X plattformen har vore utsett for fleire uhell og har ein høg skadefrekvens.

Motvind Norge klagar på at det ikkje er avklart molo eller annan utfylling i sjø i reguleringsplanen til Gulen kommune, og at konsekvensane av dette ikkje er utgreia av GWAS.

#### *GWAS sin kommentar*

GWAS skriv at det er gjort grundige vurderingar av sikkerheit til bygging og drift av vindturbinen. Dei skriv vidare at dei er godt kjent med at tiltaket krev løyve og avklaring utover reguleringsplan og konsesjon. GWAS skriv at dei vil sørge for at alle naudsynpte planar, løyver og avklaringa hjå relevante myndigheiter vil vera på plass før idriftsetting av turbinen.

Dei skriv vidare at GE Vernova har gjennomført tilsvarande testing/verifisering av ein GE Vernova Haliade-X 12 prototypeturbin i Rotterdam hamn og at det er eit område med mykje annan aktivitet utan at det har vore negative hendingar der.

#### **Lønsamheit**

Fleire klagar på at NVE har akseptert investeringskostnaden som GWAS har lagt til grunn. Dei skriv at kostnaden er høgare, basert på tal frå NVE frå andre vindkraftverk i Noreg.

Fleire klagar på at NVE har lagt til grunn Enova-støtte til Gulavind på 331,8 mill. kroner, og meiner denne støtta er for høg. Dei skriv at Enova berre kan støtta 45 % av investeringsbeløpet og at det betyr at prosjektet må ha ein investeringskostnad på over 730 mill. kroner. Motvind Norge skriv at GWAS har oppgitt feil investeringsbeløp til Enova eller NVE. Norges Miljøvernforbund klagar på Enova-støtten og skriv at den ikkje samsvarar med støttebetingelsar til ESA, og dermed er ulovleg. Snorre Bank Utaker og Arild Utaker skriv at Gulavind vindkraftverk vil vera uøkonomisk, med eit tap på 84 millionar kroner, sjølv med stønad frå Enova.

Fleire klagar på at tapt produksjon frå avbøtande tiltak som nedstenging for støyreduksjon, fugl eller flaggermus ikkje har blitt tatt omsyn til. Ron Overdevest skriv at erfaringstal frå vindkraftverk med større vindturbinar i Noreg tilseier at Gulavind vindkraftverk vil ha ein lågare årsproduksjon enn berekna, 35 GWh/år før avbøtande tiltak.

Motvind Norge skriv at tilskotet frå Enova har ein frist den 1.12.2025 og frist for sluttrapport 1.2.2026. Dei skriv at det dermed ikkje er mogleg å få godkjent ein detaljplan og bygga vindkraftverket innan desse tidsfristane og at NVE ikkje har vore kjent med Enova sine fristar og at NVE kan ikkje leggja fordelen av Enovatilskotet til grunn lenger.

Motvind Norge påpeker at NVE har lagt til grunn prisar frå NO3, og ikkje NO5, og at kraftbalansen i NO5 er god i motsetning til NO3.

#### *GWAS sin kommentar*

GWAS skriv at det ikkje finst noko endeleg kostnadsoverslag for vindturbinen, sidan det er ein testturbin som framleis er under utforming og ikkje produsert. Kostnadsoverslaget i konsesjonssøknaden er basert på kostnadsintervall for ein oppskaltert landvindturbin. GWAS har valt å leggja seg på eit lågt nivå for å ikkje «lova for mykje» med tanke på kommunale skatteinntekter.

Dei skriv vidare at dette er ein ny vindturbin som skal testast og verifiserast. Dei skriv at det alltid vil vera betydeleg større bygge- og driftskostnadar til testing og sertifisering av ein ny vindturbin



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

enn allereie sertifiserte vindturbinar i kommersielle vindkraftverk. Å samanlikna kostnader/inntekter for dette prosjekt med andre kommersielle norske vindkraftverk er ikkje relevant.

### **Sikkerheitsgaranti**

Fleire klagar på at eit fond for sikkerheit for opprydding først vert oppretta etter at vindturbinen vert sett opp. Motvind Norge skriv at garantien må vera stilt før bygging startar, og at den også må dekkja opprydding som skjer i konsesjonsperioden. Motvind Norge skriv at det må settast av minimum 50 millionar kroner som sikkerheit. Dei meiner det må spesifiserast i konsesjonen og at det må gjelda for skadar utafor planområdet også.

### **Teknologiutvikling**

Nei til vindkraft i Gulen, Motvind Norge og Motvind Vest skriv at havvindturbinar med slik effekt ikkje er ei nyvinning, og gir ikkje teknologiutvikling. Dei stiller spørsmål ved kva teknologi som skal testast og viser til at teknologiutvikling er det einaste momentet ved prosjektet med positiv verknad og det burde vore gjort grundigare greie for i NVEs vurderingar.

Jostein Eide klagar på at testing av ein havvindturbin på land ikkje er representativt for klimaet ute i havet. Ron Overdevest klagar på at NVE ikkje har kravd meir av GWAS for å følge opp arbeid med sertifisering.

#### *GWAS sin kommentar*

GWAS skriv at nye vindturbinar må sertifiserast av akkrediterte institusjonar før dei kan gjerast tilgjengelege på marknaden. At det finst vindturbinar frå andre produsentar på omtrent same storleik som allereie er sertifisert har ingen relevans for dette prosjektet, sidan det her er snakk om å sertifisera ein ny vindturbin. Fleire turbintypar på marknaden vil ifølge GWAS erfaringsmessig føra til auka konkurranse og lågare prisar, noko som kan bidra til å auka lønsamheit til framtidige havvindprosjekt.

### **Sakshandsamingsfeil**

Snorre Bank Utaker og Arild Utaker skriv at konsesjonen bør trekkast tilbake grunna mangelfull konsekvensutgreiing. Jostein Eide skriv at det ikkje verkar som alle innspel og merknadar er tatt med i NVEs vedtak. Motvind Norge klagar på det dei meiner er eit mangelfullt kunnskapsgrunnlag og at saka ikkje er opplyst i tråd med krava i forvaltningslova § 17. Dei skriv vidare at det ikkje er tilstrekkeleg gjort greie for sikkerheit eller teknologiutvikling.

Fleire klagar på at det er feil i anleggskonsesjonen. I konsesjonsvilkår tre står det «solkraftverk», og konsesjonsvilkår elleve omtalar vindturbinar i fleirtal. Motvind Norge klagar på at konsesjonen viser til eit kart datert 26.06.2025, men at kartet er datert 24.06.2025. Dei kommenterer og at det står «anleggsarbeidet kan ikkje starte før detaljplanen er godkjent av NVE» to gangar i anleggskonsesjonen.

### **Forureining**

Snorre Bank Utaker og Arild Utaker skriv at Fensfjorden allereie er sterkt påverka frå større industriområde på Sløvåg og Mongstad. Dei skriv at den samla belastninga for forureining er mangelfullt dokumentert i konsekvensutgreiinga, ved at den viser til ei tolv år gamal generell



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

undersøking av det biologiske mangfaldet i Fensfjorden. Dei skriv at det må gjennomførast ein analyse av mengde og type gift i fisk og skaldyr i området.

Jostein Eide skriv at vindturbinen står 2000 meter unna vasskiljet til tiltenkt ny hovuddrikkevassforsyning og at forureining frå vindturbinen vil vera uakseptabel for drikkevassforsyninga. Han skriv vidare at det er betydeleg steinstøv rundt Sløvåg, og at det vil påverka auken av erosjon betydeleg.

Motvind Norge klagar på at forureininga frå avskaling frå turbinblada er større enn NVE legg til grunn. Dei skriv at tupphastigheita til vindturbinen vil vera 200 m/s, noko som fører til stor avskaling. Dei har lagt ved ein rapport om moglege kjemikaliar som kan koma frå havvindturbinar.

### **Ikkje krav til turbintype**

Fleire klagarar skriv at NVE ikkje har sett vilkår i anleggskonsesjonen om at det skal vera ein testturbin, og at dette opnar for at det kan settast opp ein vilkårleg vindturbin på inntil 18 MW med maksimal total høgde på 275 meter.

### **Påverknad på lokalklima**

Jostein Eide klagar på at vindturbinen vil påverka lokalklima med meir turbulens, blanding av luftlag og skapar meir skyer og nedbør på andre plasser enn vanleg.

### **Verdifall**

Ron Overdevest klagar på utilstrekkeleg informasjon om verdifall på eigedomar.

### **Framdriftsplan**

Motvind Norge klagar på urealistiske tidsplanar. Dei skriv at fristen i samband med Enovatilskotet er 1.12.2025 og 1.2.2026. Dei skriv vidare at NVE ikkje er kjent med desse fristane og at det ikkje er mogleg å bygga og sertifisera vindturbinen innan sumaren 2026. Dei skriv at NVE har gitt konsesjon til eit prosjekt med ein heilt urealistisk framdriftsplan.

#### *GWAS sin kommentar*

GWAS skriv at framtidsplanen er tentativ og ikkje binande for prosjektet. Dei skriv vidare at dei har god dialog med Enova om fristar i prosjektet. Dei skriv vidare at dei sentrale fristane som GWAS held seg til er NVEs krav til detaljplan, to år innan endeleg konsesjonsvedtak, og tidsfrist for byggestart som NVE sett ved godkjenning av detaljplan.

### **Eigarskap**

Motvind Norge skriv at eigarane av GWAS ikkje er GE Offshore Wind som er oppgitt i konsesjonen.

### **Byggtekniske krav**

Motvind Norge klagar på at GWAS ikkje har opplyst kva byggtekniske krav som vil bli overhaldne, og at NVE ikkje har stilt krav til dette. Dei skriv at NVE må stadfesta om dette er kommunen sitt ansvar eller andre myndigheiter.



NVE

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

## NVEs vurdering

NVEs myndighet i klagesaka følger av forvaltningslova § 33. NVE kan oppheva eller endra vedtaket dersom NVE finn klagen grunngjevne, alternativt senda over klagen til Energidepartementet for endeleg avgjerd. NVE kommenterer berre forhold som klagarane tek opp som ikkje tidlegare er vurdert, og forhold som bør utdjupast nærmare. Elles viser vi til vårt vedtak av 3. juli 2025.

### Støy

NVE meiner ikkje det er særskilte forhold ved Gulavind vindkraftverk samanlikna med andre vindkraftverk som gjer at det bør vera naudsynt med strengare støygrenser enn den anbefalte grenseverdien, og viser til vurderingane i vårt vedtak av 3. juli 2025. Samtidig viser vi til at kommunen er støymyndighet i vindkraftsaker, og at kommunen kan setja eigne vilkår om støy i medhald av forureiningslova.

NVE konstaterer at GWAS har skrive til kommunen at dei vil drifta Gulavind vindkraftverk med redusert støy om natta,  $L_{pAeq8Hh} = 37$  dB hjå støyfølsame mottakarar. Dette vil føra til noko lågare støy på nattetid og redusert straumproduksjon samanlikna med det som ligg til grunn i konsesjonsvedtaket. Det vil også redusera det gjennomsnittlege  $L_{den}$ -nivået.

Redusert produksjon om natta vil påverke lønsamheita i prosjektet. NVE meiner likevel at dei økonomiske verknadene av eventuell redusert produksjon ikkje er så store at det endrar vår vurdering om at vindturbinen vil vera eit samfunnsmessig rasjonelt tiltak.

Hovden barnehage ligg i overkant av tre km i luftlinje frå Gulavind vindkraftverk. I den gjennomførte støyberekninga ligg støyfølsame mottakarar mellom 1500 og 1700 meter frå vindturbinen, og den berekna støyen er under den anbefalte grenseverdien på  $L_{den}$  45 dB. Barnehagar er definert som ein støyfølsam mottakar og har også ein anbefalt grenseverdi på  $L_{den}$  45 dB. Støy minkar med aukande avstand til støykjelda. Basert på støyberekninga er det lite truleg at grenseverdien vil overskridast ved Hovden barnehage. GWAS er pålagt å gjennomføra nye støyvurderingar etter dei har stadfesta kjeldestøyen til vindturbinen gjennom målingar. Viss målingane viser at støyen ved Hovden barnehage, eller andre støyfølsame bygg, overskrid  $L_{den}$  45 dB, må GWAS gjennomføra avbøtande tiltak.

NVE baserer kunnskapen sin om støy frå vindturbinar blant anna på eit kunnskapsgrunnlag for støy utarbeidd saman med Miljødirektoratet og FHI i 2022, i tillegg til forskning som er gjort etter 2022, konsekvensutgreiinga, høyringsutsegn og erfaringar frå andre vindkraftsaker i Noreg. Vi meiner at vi har hatt eit godt grunnlag for å vurdere støyverknader i denne saka.

Vi konstaterer, på linje med fleire av klagarane, at vindturbinen er større enn det som er bygd i Noreg tidlegare, og at kjeldestøyen er usikker. Vi har derfor sett vilkår om støymåling. Saman med kravet om å overhalde den anbefalte grenseverdien gjer dette at støynivået, trass sumstøy og noverande usikkerheit, ikkje skal overskride grenseverdien ved bustader og fritidsbustader når vindturbinen er sett i drift. NVE konstaterer at dei føreslegne avbøtande tiltaka frå GWAS for å unngå støy over anbefalt grenseverdi, som redusert turbineffekt og stopp av vindturbinen, kan vera aktuelle tiltak dersom støynivået vert høgare enn berekna.

### Folkehelse

Etablering av vindkraftverk vil i mange tilfelle ha negative følger for lokalbefolkning. I denne saken vurderer NVE at støy og synlegheit vil vera dei viktigaste negative verknadene for naboar til



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

Gulavind vindkraftverk. Det er sett vilkår om avgrensing av støy og skuggekast for å redusere desse ulempene. NVE legg til grunn at den anbefalte grenseverdien for støy er eit uttrykk for kva samfunnet kan akseptere, og at slike grenseverdier er basert på mellom anna helsevurderingar. Vi vurderer at dei gjennomførte utgreiingane i samband med konsesjonssøknaden og våre krav til etterundersøking er tilstrekkelege til å ivareta tema innan folkehelse. Vi viser vidare til våre vurderingar under «Sikkerheit» i grunngjeving for vedtak.

### **Reguleringsplan**

NVE viser til Kommunal- og distriktsdepartementet og Energidepartementet sin rettleiar om [Planlegging og konsesjonsbehandling av vindkraftanlegg på land](#) kapittel 11.15 der det står at klager på arealplan: «.. skal altså behandles av Kommunal- og distriktsdepartementet. Dette er gjort ut fra et ønske om samordning med Energidepartementets behandling av klager på konsesjonsvedtak.». Det er altså eit ynskje om å samordna eventuelle klager på reguleringsplan med eventuelle klager på konsesjonsvedtaket.

NVE konstaterer at konsesjonskartet dekkjer eit større område enn det regulerte området i Gulen kommune. Dette skuldast at konsesjonskartet omfattar nettanlegg, og at det ikkje er reguleringsplikt for nettanlegg med konsesjon. Sveipearealet under turbinblada er ikkje omfatta av det regulerte området. NVE legg til grunn at det er kommunen sitt ansvar å vurdere om dette arealet, der det ikkje vert gjort inngrep, skal vera ein del av det regulerte området.

### **Plassering av transformatorstasjon**

NVE legg til grunn at plasseringa, med blant anna ein klippevegg mellom transformatorstasjonen og tankanlegget, og utforminga av transformatorstasjonen kan gjere at den kan driftast på ein trygg måte og ikkje utgjere nokon fare for tankanlegga til Puma Energy Norway AS. Vi viser til at detaljplanen skal gjere greie for sikkerheit, og at utforminga av transformatorstasjonen skal vurderast som ein del av dette.

### **Framtidig kai**

NVE legg til grunn at Wergelandgruppen som grunneigar styrer kven som kan bygga nye kaier i industriområdet, og at det ikkje er konkrete planar om ny kai nå. Ein eventuell framtidig kai i nærleiken av vindturbinen må handsamast av relevante myndigheiter og ta omsyn til risiko knytt til vindturbinen.

### **Iskast**

NVE meiner klagane ikkje inneheld ny vesentleg informasjon eller nye argument om iskast, og viser til vurderingane i vår grunngjeving av konsesjonsvedtaket.

### **Sikkerheit**

NVE vurderer at det alltid vil vera noko risiko ved oppføring og drift av vindturbinar. Risikoen for å bli ramma av ei ulykke i nærleiken av vindturbinar er låg, men ikkje null. Ulykker ved norske vindkraftverk dei siste åra har i hovudsak vore i samband med, eller i etterkant av, uvær som sterk vind og lynnedslag, eller som følge av fabrikasjonsfeil. NVE viser til energilovforskrifta § 3-5, der det står at konsesjonæren til ei kvar tid skal halde anlegget i tilfredsstillande driftssikker stand, og at det skal finnast oppdatert dokumentasjon for dette i heile konsesjonsperioden. Vi legg til grunn at GWAS utarbeidar rutinar for sikker drift.



NVE

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

På bakgrunn av risikovurderingane som GWAS har gjennomført, vurderer NVE at tiltaket medfører ein akseptabel risiko, samtidig som tiltaket legg restriksjonar på framtidig aktivitet rett ved vindturbinen.

NVE vurderer at risikoen frå tiltaket er tilstrekkeleg utgreia til å kunne fatta eit vedtak. I risikoanalysen som GWAS har presentert er det berekna eit gjentaksinterval for vengekollaps eller tårnkollaps på  $2 \times 10^{-5}$  per år i ein avstand 100 meter frå vindturbinen. Skadefrekvensen som er lagt til grunn i berekninga baserer seg på informasjon om tårnkollaps eller bladnedfall samla inn for alle vindturbinar i Europa. Samtidig vert det presisert i rapporten at det ikkje finst nokon offisiell database for vindturbinulykker.

Motvind Norge skriv at Haliade-X turbinen har hatt tre ulykker, noko som gir ein høgare skadefrekvens enn GWAS har lagt til grunn. NVE konstaterer at skadefrekvensen ved den føregåande generasjon av Haliade-X er høgare enn skadefrekvensen som er lagt til grunn i rapporten «Risk analysis of wind turbine in industrial site», men meiner at ei sortering av skadefrekvens per turbintype gir eit betydeleg redusert datagrunnlag.<sup>4</sup> NVE meiner det er betre å leggja til grunn eit større datasett for å anslå skadefrekvens og at skadefrekvensen for den føregåande generasjonen Haliade-X ikkje automatisk vert lik den neste.

Ved aukande avstandar frå vindturbinen fell risikoen for å bli råka av nedfall frå vindturbinen. Fiskeområdet til Ole Omland og Ingrid Simonsen er meir enn 100 meter frå vindturbinen. NVE legg til grunn at risikoen for hendingar som kan påverke bruken av området er svært låg.

NVE legg til grunn at GWAS, på lik linje med alle andre som nyttar maskinar som er nemnd i maskinforskrifta, må bygga og drive anlegget i samsvar med forskrifta. Dei ansvarlege myndigheitene kan føra tilsyn med dette.

Motvind Norge meiner sikkerheita ved vindturbinen ikkje er tilstrekkeleg ivarettatt fordi molo eller utfylling i sjø ikkje er omtalt i reguleringsplanen til Gulen kommune. NVE meiner at dette er tilstrekkeleg omtalt i konsesjonssøknaden, og vurderer at dette ikkje er til hinder for å gi konsesjon.

### Lønsamheit

NVE har gjort ei ny vurdering av lønsamheita til prosjektet fordi vi ved ein inkurie brukte informasjon frå feil prisområde. Det er også gjort ei berekning som tar omsyn til redusert produksjon frå støyreduert drift om natta. GWAS presiserer at tapet som følge av redusert drift om natta truleg er lågare enn oppgitt, fordi dei kan drifta turbinen i redusert modus i staden for å stoppa den heilt. NVE har likevel nytta den reduserte produksjonen dei har oppgitt, 50,9 GWh/år samanlikna med 56,3 GWh/år utan støyreduksjon.

Prosjektet oppnår noko høgare straumprisar i NO5 samanlikna med NO3, og får marginalt betre økonomi. Scenario med støyreduert drift fører til redusert produksjon og reduserte inntekter. Prosjektet har ein negativ netto noverdi i basisscenario i begge scenarioa, på høvesvis -75 og -102 millionar kronar, samanlikna med -84 millionar i den opphavlege berekninga. NVE vurderer at dette ikkje endrar på vurderingane som vart gjort i konsesjonsvedtaket.

---

<sup>4</sup> NVE ref.: 202305929-318

**NVE**Norges vassdrags-  
og energidirektorat

|                     | Kostnadssensitiviteter |       |            |         |                        |
|---------------------|------------------------|-------|------------|---------|------------------------|
|                     | lavkostnad             | basis | høykostnad |         |                        |
| Nettonåverdi (MNOK) | -171                   | -242  | -313       | lavpris | Inntektssensitiviteter |
| Nyttekostnadsbrøk   | -0,44                  | -0,53 | -0,59      |         |                        |
| Nettonåverdi (MNOK) | -13,1                  | -84   | -155       | basis   |                        |
| Nyttekostnadsbrøk   | -0,03                  | -0,18 | -0,29      |         |                        |
| Nettonåverdi (MNOK) | 165                    | 94    | 22         | høypris |                        |
| Nyttekostnadsbrøk   | 0,43                   | 0,21  | 0,04       |         |                        |

Figur 1. Den opphavlege nettonåverdiberekinga i konsesjonen der det vart nytta feil prisområde, NO3.

|                         | Kostnadssensitiviteter |       |            |         |                        |
|-------------------------|------------------------|-------|------------|---------|------------------------|
|                         | lavkostnad             | basis | høykostnad |         |                        |
| Nettonåverdi (mill. kr) | -168                   | -239  | -310       | lavpris | Inntektssensitiviteter |
| Nyttekostnadsbrøk       | -0,44                  | -0,52 | -0,59      |         |                        |
| Nettonåverdi (mill. kr) | -3,9                   | -75   | -146       | basis   |                        |
| Nyttekostnadsbrøk       | -0,01                  | -0,16 | -0,28      |         |                        |
| Nettonåverdi (mill. kr) | 182                    | 111   | 39         | høypris |                        |
| Nyttekostnadsbrøk       | 0,47                   | 0,24  | 0,07       |         |                        |

Figur 2. Ny nettonåverdibereking med korrekt prisområde, NO5.

|                         | Kostnadssensitiviteter |       |            |         |                        |
|-------------------------|------------------------|-------|------------|---------|------------------------|
|                         | lavkostnad             | basis | høykostnad |         |                        |
| Nettonåverdi (mill. kr) | -230                   | -311  | -392       | lavpris | Inntektssensitiviteter |
| Nyttekostnadsbrøk       | -0,54                  | -0,61 | -0,67      |         |                        |
| Nettonåverdi (mill. kr) | -81,5                  | -163  | -244       | basis   |                        |
| Nyttekostnadsbrøk       | -0,19                  | -0,32 | -0,41      |         |                        |
| Nettonåverdi (mill. kr) | 86                     | 5     | -76        | høypris |                        |
| Nyttekostnadsbrøk       | 0,2                    | 0,01  | -0,13      |         |                        |

Figur 3. Ny nettonåverdibereking i korrekt prisområde, NO5, med redusert produksjon som følge av støyreduert drift.

NVE si vurdering av investeringskostnaden viser at den er dobbel så høy som erfaringstal frå andre norske vindkraftverk på land. Investeringskostnaden til tiltakshavar er samtidig vurdert opp mot



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

eit estimat for havvindturbinar, og dette viser at investeringskostnaden er samanliknbar. GWAS skriv i sin kommentar at dei ikkje har eit endeleg kostnadsoverslag for vindturbinen, sidan det er ein testturbin som ikkje er produsert og at kostnadsoverslaget er basert på intervall for ein oppskalert landvindturbin.

Fleire trekker fram ulike faktorar som kan redusera produksjonen i prosjektet og at det ikkje er tatt omsyn til av NVE. Slike faktorar kan vere redusert drift på grunn av støyavgrensing om natta, stans for fugl/flaggermus og erfaringsdata som syner lågare produksjon for andre vindkraftverk i Noreg. GWAS vil drifta anlegget med redusert produksjon om natta, og dette har NVE no tatt omsyn til i berekningar over. NVE har lagt til grunn at det er usikkerheit om produksjon og kostnader, mellom anna på grunn av at eventuelle avbøtande tiltak kan påverke produksjonen. Vi viser til vurderingane i grunngjevinga for konsesjonsvedtaket.

Fleire klagar på fleire forhold ved Enova-stønaden til prosjektet. NVE har ikkje høve til å kontrollera Enova sine tildelingar. Vi legg til grunn at informasjon sendt inn av GWAS er korrekt og at dei oppfyller sine forpliktingar til Enova.

### **Sikkerheitsgaranti**

NVE viser til vår vurdering i grunngjevinga for konsesjonsvedtaket og til konsesjonsvilkår 19 vilkår, *Forslag til finansiell sikkerhetsstillelse for nedlegging*. Vi meiner dette er tilstrekkeleg til å ivareta finansielle forpliktingar for nedlegging av vindkraftverket.

### **Teknologiutvikling**

NVE er enig i at havvindspesifikke tema som understell eller flytteelement er hensiktsmessig å testa til havs, men vurderer at det ikkje er noko i vegen for at sjøve vindturbinen kan testast på land, som Haliade-X-vindturbinen i Rotterdam hamn. Når det gjeld bidraget til teknologiutvikling, viser vi til Enova, og legg til grunn at Enova si støtte er eit uttrykk for verdsettinga av teknologiutvikling i prosjektet.

### **Feil i sakshandsaminga**

NVE har i grunngjevinga for vedtak vurdert at konsekvensutgreiinga, saman med tilleggsvurderingar om mellom anna sikkerheit, var tilstrekkeleg for å fatte vedtak. Vi viser til desse vurderingane, og meiner saken er opplyst i tråd med forvaltningslova § 17. Når det gjeld inkludering av innspel i vedtaket, viser vi til at vi har gått gjennom alle innspela, og kommentert dei avgjerdsrelevante i vår grunngjeving for vedtaket.

NVE konstaterer at klagarane har rett i at det står «solkraftverk» i konsesjonsvilkår tre, at eit konsesjonsvilkår omtalar vindturbinar i fleirtal og at kartet er datert 24. juni, og ikkje 26. juni. Ei setning om anleggsarbeid er også gjenteke. Dette er feil som har kome inn i konsesjonen ved ein inkurie. NVE vil rette dette i etterkant, dersom det gis endeleg vedtak hjå Energidepartementet.

### **Forureining**

NVE har vurdert at vindturbinen ikkje vil føre til vesentleg forureining. Vi meiner difor det ikkje er behov for oppdaterte generelle vurderingar av miljøtilstanden i Fensfjorden. NVE meiner vidare at mikroplastforureining vil vera svært avgrensa sjølv i eit scenario der avskaleringa frå turbinblada er mykje høgare enn antatt, for eksempel dersom steinstøv bidreg til dette i mykje større grad enn forventet. Mikroplast frå vindturbinen vil uansett ikkje påverke ein eventuell ny drikkevassforsyning 2000 meter frå vindturbinen. NVE vil også påpeike at det er usannsynleg med drift med 200 m/s



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

tupphastighet, mellom anna på grunn av auka belastningar og støy. Vi kjenner ikkje til at det finst vindturbinar med slike tupphastigheiter.

### **Ikkje krav til turbinetype**

I anleggskonsesjonen er det sett ei øvre grense på turbinstorleik på 18 MW installert effekt og 275 meter maksimal høgde. I grunngjeving for vedtak er det lagt til grunn at det skal byggast ein 15,5 MW vindturbin som skal sertifiserast og produsera straum, og at denne vindturbinen får ein stønad frå Enova for sertifisering av ny turbinteknologi. På bakgrunn av dette meiner NVE at det berre kan etablerast ein vindturbin innanfor effekt og høgdegrensene sett i anleggskonsesjonen og vindturbinen som er omtalt i grunngjeving for vedtak. Ei montering av ein kommersiell vindturbin utan Enova-støtte vil vera ei konsesjonspliktig endring, og NVE vil i så fall vurdere konsesjonsspørsmålet på nytt.

### **Påverknad på lokalklima**

NVE kjenner ikkje til at store vindkraftverk i Norge har gitt verknader for det lokale klimaet, og meiner det er svært lite sannsynleg at ein enkelt vindturbin vil påverka lokalklima

### **Verdifall**

NVE viser til grunngjevinga for konsesjonsvedtaket, der vi har lagt til grunn at vindkraftverk kan påverke eigedomsverdiar i nærleiken. Vi viser til at det ikkje finst ein standard metodikk for talfesting av verknader for eigedomsverdiar, og vi har difor vurdert naboverknader som ikkje-prissette verknader i grunngjevinga for vedtak. Slik unngår vi dobbeltelling av verknadar.

### **Framdriftsplan**

NVE legg til grunn at GWAS og Enova har ein framdriftsplan som gjer at prosjektet kan gjennomførast. Alternativet er at vindturbinen ikkje vert bygd. Vi viser til at konsesjonen fell bort dersom GWAS ikkje har sendt inn detaljplan innan fristen.

### **Eigarskap**

Konsesjonen for Gulavind vindkraftverk er tildelt Georgine Wind AS. Ei eventuell overføring av anleggskonsesjonen til andre selskap er søknadspliktig jamfør konsesjonsvilkår seks. Det same gjeld dersom over 90 % av aksjane i Georgine Wind AS vert seld til eit anna selskap.

### **Byggtekniske krav**

Byggjesaksføresegnene i plan- og bygningslova gjeld hovudsakeleg ikkje for tiltak etter energilova, jf. byggjesaksforskrifta § 4-3 første ledd bokstav c. Føresegnene i plan- og bygningslova om tekniske krav (§ 29-5) og krav til produkt (§ 29-7), med tilhøyrande delar av byggteknisk forskrift (TEK17), gjeld så langt dei passar for tiltak med konsesjon etter energilova. NVE viser til at det er sett vilkår om å lage ein detaljplan som skal gjere greie for bygg og tekniske installasjonar, og at denne planen må godkjennast av NVE før anleggsarbeidet kan starte.



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

## Konklusjon

NVE kan ikkje sjå at klagen gir grunnlag for å endre eller oppheve vårt vedtak 3. juli 2025. Klagen vert derfor oversendt til Energidepartementet for endeleg avgjerd i samsvar med forvaltningslova § 33. Sakens dokumenter blir gjort tilgjengelege for departementet gjennom innsynsløysninga SeDok, jf. e-post av i dag til postmottak@ed.dep.no.

Med helsing

Anette Ødegård  
seksjonssjef

Thomas Mo Willig  
senioringeniør

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutiner.*

### Mottakarliste:

Energidepartementet

### Kopimottakarliste:

GULEN KOMMUNE  
Norges Miljøvernforbund  
Ge Energy (Norway) AS - Niklas Indrevær  
Jostein Eide  
MOTVIND NORGE  
OLE DAGFINN OMLAND  
ANTONIUS REINIER MARIA OVERDEVEST  
MOTVIND VEST  
NEI TIL VINDKRAFT I GULEN  
Bent Unneland  
Snorre Bang Utaker  
PUMA ENERGY NORWAY AS  
GEORGINE WIND AS